

Fra: Grethe Marie Sandvik[]  
Sendt: 25.10.2021 11:10:00  
Til: Kaia Olsen Tjøflåt[kaia.olsen.tjoflat@kvinnherad.kommune.no]  
Tittel: SV: Sjølvhogst på kommunal eigedom, 153/270, Hamrabrekko, Sunde

---

Hei

Vedlagt følger signert fråsegn/avtale for sjølvhogst på kommunal eigedom 153/270.

Lykke til med tiltaket!

Med helsing  
**Grethe Sandvik** | Eiendomsforvaltar Teknisk og miljø  
Mobil: +47 918 99 796

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) | 



*Tenk miljø før du skriv ut!*

---

**Frå:** Grethe Marie Sandvik  
**Send:** torsdag 2. september 2021 14:19  
**Til:** Kaia Olsen Tjøflåt <kaia.olsen.tjoflat@kvinnherad.kommune.no>  
**Emne:** Sjølvhogst på kommunal eigedom, 153/270, Hamrabrekko, Sunde

Viser til samtale med forespørsel om løyve til sjølvhogst av småskog på kommunal eigedom gnr 153 bnr 270, Hamrabrekko, Sunde.



Kvinnherad kommune som grunneigar til eigedom 153/270 er positive til tiltaket, men ønskjer å sette følgjande vilkår:

Vilkår for avtale:

Dette området er nær bustader, veg og parkeringsplassar, så då må vedhogger ta særleg omsyn slik at det ikkje vert gjort skade ved hogsten.

Trea skal kappast lengst mogleg ned til bakken og veden, skat og greiner må fjernast frå området.

Vedhogger er inneforstått med at felling av trær og bruk av motorsag er farlig.

Det vert sett krav om bruk av nødvendig verneutstyr og opplæring for å utføra hogsten på ein forsvarleg måte.

Vedhogger utfører vedhogsten mm for eigen rekning og risiko, og med eige utstyr.

Kvinnherad kommune ynskjer ei tidsavgrensing av avtalen, og ber om at hogsten skal vere gjennomført og området rydda før 31.12.2021.

Dersom de ikkje vert ferdige med ryddinga i 2021, så kan de enkelt søkja om nytt løyve i 2022.

Fint om den som skal vere ansvarleg for sjølvhogsten fyller ut vedlagt fråsegn, signerer, scanner og sender den tilbake til meg.

Med helsing

**Grethe Sandvik** | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) |



KVINNHERAD  
KOMMUNE

*Tenk miljø før du skriv ut!*